

Arne Garborgs religiøse reise

Kronikk i Stavanger Aftenblad 11. november 2000 av Tor Obrestad og Jonas Haarr Friestad (foto).

I arbeidet med biografien om Mauritz Kartevold fekk Anne og Rolf Solheim augo opp for Arne Garborgs religiøse testamente: "Jesus Messias".

- I "Jesus Messias", som kom ut i 1906, gjekk Arne Garborg gjennom evangelia med finkam for å finna ut kva eigentleg Jesus sa. Han kom fram til at Jesus sin kristendom er dramatisk forskjellig frå det den ortodokse kyrkja hevdar er kristendom; kyrkja vender stadig attende til Paulus og det kyrkjemøtene har bestemt.


- Kva hevda Paulus?

- Det står i truvedkjenninga:

Gud er ein og tre på same tid; Den heilage Ande er far til Jesus; bare dei som trur på "det rette" blir frelste (dvs. gjerningane betyr ikkje noko); Djevelen er ein person; Jesus sto opp frå dei døde.

Garborg opponerte mot alt dette. Og han skreiv boka for å koma den ortodokse kristendommen i møte, men møtte ein bastant vegg. Kyrkja gjekk i forsvar og såg boka som eit einseitig åtak på kristendommen og la ikkje merke til at Garborg åpna døra for ein dialog med kyrkja. Bispnen Peter Hognestad, som sto Garborg nær, uttrykte seg hardast:

Eg minnest ikkje eg har lese ei bok som har gjort meg så vondt



- Etter dette skulle me

kristne vera sjølv Satansmakta på jorda.

- Kva var Garborgs åpne dør?

- Garborg seier: Me skal byggja Guds rike inne i oss sjølv. Dette er det Jesus siktar til heile tida, her er det han gjekk lenger enn Moses. Moses sa: Hald boda. Jesus si tolking betyr: Det å leva etter sitt eige samvit betyr livets meining. Ingen kan gjera noko anna, men når ein gjer dette, oppdagar ein at livet er reint og guddommeleg. Sannkjenninga på at ein skjønar dette ligg i handlingane; i handlinga sin metafysikk ligg det ein guddommeleg essens. I dagboka 25.12.1906 seier Arne Garborg dette klart:

Det messiasrike Jesus sjølv forkynte var det som er "innantil dekon"; og det kan me trygt tru på. - Det gudsrrike ein skal vinne får ein byggja sjølv; det ser eg klårare og klårare. Og difor er Jesus "Messias": fordi han lærde oss det. Verda vert verande Helvete til dess me kvar for seg lærer å byggje ho om til Himmel -.

Dette er Garborgs globale og metafysiske testamente til framtida, og boka han skreiv i 1906 oppsummerte hans lange metafysiske reise, den som tok til på Jæren der han var fødd.

Anne Lofthus Solheim og Rolf Erik Solheim

Det er Rolf Solheim som fører ordet; kona, Anne, sit heime på Lässerud i Värmland og gjendiktar "Den burtkomne Faderen" til bokmål. Tidlegare har dei to gjendikta "Jesus Messias" til bokmål og lagt boka ut på nettet. Til dagleg er Solheim sivilingeniør og arbeider med ettersyn av planane for dei elektriske installasjonane på digre byggeprosjekt i Nordsjøen. Eigentleg er han frå Brusand, og vender i desse dagane heim til barndomstraktene; han og kona har leigd den gamle jernbanestasjonen på Ognå og flyttar inn i desember.

- Det er barndomsområdet mitt, seier Solheim, - bestefar, Rasmus Bergsaker, var stasjonsmeister på Ognå.

Unitarismen

- Det var då me arbeidde med innsamlinga av stoff til ein biografi om Kristofer Janson og unitarismen at me oppdaga sambandet mellom Garborg, Kartevold og Janson.

- Unitarisme?

- Unitarane bygger læra si på Bergpreika og at Jesus var eit menneske inspirert av Gud. Dei legg vekt på etisk ansvar, sosiale reformar og demokratisk styring av kyrkja. Synet deira ligg svært nær den plattformen Garborg kom fram til og slutførte i "Jesus Messias". Då me las denne boka vart me så fascinerte av den at me sette den om til bokmål for at ikkje Garborg sitt noko alderdommelege "midlandsmål" skulle stenga for nye lesarar. Me har au skrive fleire artiklar om dette som vil bli publiserte i nær framtid. Alt ligg på internett og er tilgjengeleg på <http://www.framtiden-er-din.com>.

Den metafysiske reisa

- Garborg vaks opp med den tradisjonelle kristentrua frå barneåra av, men begynte å stilla spørsmål for seg sjølv om den rettvisе Gud etter at faren tok livet av seg. Etter eit oppgjær med kristendommen, inspirert av blant andre Bjørnstjerne Bjørnson, nærma han seg eit ateistisk synspunkt. Etter romanen "Trøtte Mænd" i 1892 begynte han å nyorientera seg mot kristendommen att, ei reise som syner att i diverse artiklar, i "Fred", "Haugtussa", og ikkje minst i "Læraren". Paulus Hove er hans ideal, og me følgjer Hove i dei vidare bøkene, "Den burtkomne Faderen" frå 1899, og "Heimkomen Son". Spørsmål om tvil og tru er også sentralt i "Knudaheibrev" frå 1904.

Vart Garborg kristen?

- Det store spørsmålet som har blitt stilt igjen og igjen sidan 1892 er - "så vart Arne Garborg ein kristen til slutt"?

- Det er underleg at samtid og ettertid kan lura på korleis Garborg sto i religiøse spørsmål. Bryne-ordføraren, Arnfinn Vigrestad, skreiv ei hovudoppgåve i norsk om dette i 1975, der han mellom anna konkluderer: Arne Garborg hadde aldri vore og vart heller aldri ein personleg kristen.

- Men han brukte altså år av sitt liv til å lesa testamentet på gresk for å finna ut av kva som eigentleg står der, han snakka om at han nådde fram til Jesus, og han skreiv verk etter verk i eit personleg oppgjer med Kyrkja?

- Det var fordi han vart så fascinert av grunntanken i Jesus sin bodskap: Om me lever etter Guds vilje, får livet verdi i seg sjølv. Riket har kome fordi ein har det inne i seg.

- Og det syner ein altså i det du kalla handlinga sin mystikk?

- Garborg trudde at mennesket ber gudegneisten til det fullkomne i seg. Dette mennesket har erkjent Messias i seg gjennom liding, testar, arbeid og studier, innsikt og intuisjon. Og det indre gudsriket er avhengig av kvaliteten i dei handlingane ein gjer ved å gjera mot andre det ein vil andre skal gjera mot deg - overfor alt levande.

Dette er det sentrale i Jesus sin kjærleiksbodskap og lærargjering, og det er noko anna enn Paulus sin versjon: bare tru på Jesu stedfortredande liding og død skal gi frelse, det ein gjer kjem i andre rekke.

Den globale etikken

- Konsekvensen av dette blir idéen om ein global etikk, ein idé som både Garborg og Tolstoj delte, og som var grunnlaget for Ghandi sin anti-vald filosofi. Her ligg sambandet mellom Garborgs tankar og den situasjonen me står i nå. Me har ein global økonomi. Den har ikkje styring fordi me manglar ein global etikk. Utkast til ein slik etikk finn me hos Hans Küng eller i Earth Charter.

- Klarast ser me diskusjonen om metafysikken hos Garborg i Den burtkomne Faderen. Her skil han seg frå ei tradisjonell human-etisk oppfatning. Me ser erkjenninga gro fram hos Gunnar som ser at broren, Pål, har ei innsikt han strevar med å nå fram til.

Den bodskapen Garborg fann hos Jesus går ut over brorskapstanken, sosialismen, kommunismen, og fleire steg vidare. I den gylne regelen ser han ei slags frelse for menneskeheten, for her ligg menneskets fullkomen-gjering, seier han. Garborg seier også at me er nøydde for å få dette til om ikkje kloten skal gå under i krig og svolt, og det var dette han meinte at kyrkja måtte gå i brodden for. Fredstanken, antikapitalismen, og den sosiale rettferdstanken sto sentralt i Garborg sitt arbeid dei siste tjuge åra av livet hans.

Garborg-året

- Korleis burde desse sakene markerast i eit Garborg-år?

- Nokon må sjå at det er viktig at me får med heile Garborg. Ikkje noko hos han er viktigare enn dette, for det er essensen av livsverket og tenkinga hans. Då han nådde fram til dette, hadde han ikkje meir å tilføya. Og han slutta med bokskrivinga.

Dette må koma fram i jubileumsfeiringa - Garborg var ikkje "personleg" kristen, ikkje human-etikar, men sto for ein religiøs humanisme som viste djup respekt for alt levande.

Rolf Solheim, 60 år gammel, har engasjert seg i debatten om Arne Garborgs religiøse tenking.

Anne Solheim, kona til Rolf, arbeider for tida med ei gjendikting av Den

burtkomne Faderen til
bokmål.